

Hildegunn Weum

# Jamstillingsvedtaket og pressa i 1885

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie

Rettleiar: Espen Storli

November 2021



Hildegunn Weum

# Jamstillingsvedtaket og pressa i 1885

Fordjupningsoppgåve i Lektorutdanning i historie

Rettleiar: Espen Storli

November 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for moderne samfunnshistorie



**NTNU**

Kunnskap for en bedre verden



## Forord

Denne fordjupingsoppgåva markera at eg er halvvegs i Lektorprogrammet i historie ved NTNU. Tema i oppgåva er korrelasjonen mellom presse og parti, eit tema med komponentar innanfor fagområda historie, nordisk og statsvitskap. Som lektorstudent med alle desse tre faga har det vert spennande og interessant å oppdage ein raud tråd mellom desse fagområda.

Eg har gjennom denne fordjupingsoppgåva fått god innsikt i pressen i Noreg på 1880-talet, samt de teknologiske, kulturelle og språklege utviklingane kring denne tida. Det er ei spennande og interessant periode i norsk historie, spesielt avisene frå 1885 har vert utruleg interessant å lese og analysere. Denne interessa for avisene har vært essensiell i skriveprosessen av denne oppgåva, og har gjort at oppgåva no kan leverast med eit personleg ynskje om å undersøkje vidare på denne perioden i framtida.

Eg vil gjerne takke rettleiaren min Espen Storli, for god rettleiing og gode innspel når det var litt tyngre å skrive. Din kunnskap om temaet og perioden har vært til stor hjelp i denne oppgåva, og har gjort til at eg har fått større forståing for og innblikk i denne perioden enn eg ville ha klart på eigenhand.

Eg vil og takke veninnene mine Sigrid og Ingrid, for gode ord, for å gje meg eit ekstra dytt når eg trengde det og for all støtte og ros på vegen.

## **Samandrag**

I denne oppgåva ser eg nærmare på korleis avisene dekkja språkdebatten i 1885 og i kor stor grad denne dekninga er påverka av partistandpunkt. Eg tar for meg fem aviser og analyserer det de har skrevet om jamstillingsvedtaket, likestillingsvedtaket mellom riksmål og landsmål, i perioden 12.mai til 23.mai 1885. I analysen ser eg nærmare på struktur, innhald og i kor stor grad politiske aktørar tar del i innlegga, i tillegg til å undersøke kven desse politiske aktørane er for å sjå om avisa berre viser til utdrag frå eit politisk parti. Eg fann ut at det er eit tydeleg skilje mellom hovudstadsavisene og avisene utanfor Christiania når det kjem til nøytralitet. Avisene i hovudstaden viser større nøytralitet til det politiske innhaldet de publiserer, i motsetning til avisene utanfor som i større grad enten avgrensar informasjon for å fremme berre eit politisk syn eller kommentere saka direkte. Gjennom analysen kom det også fram at haldningane avisene hadde til jamstillingsvedtaket ikkje nødvendigvis var basert på geografisk stad og størrelse på by, men heller på sosial status og publikummet til den enkelte avisa. Undersøkinga viste at avisene hadde variert grad av dekninga av jamstillingsvedtaket og at politisk påverknad var til stades men tydelegast hos avisene utanfor Christiania.

## **Summary**

In this thesis, I take a closer look at how the newspapers cover the language debate in 1885, and to what extent this coverage is influenced by political views. I have analyzed five newspapers to look at what they have written about the language equality debate concerning “landsmål” and “riksmål” in the period 12 May to 23 May 1885. In the analysis, I take a closer look at the structure, content, and the extent to which political actors are mentioned, in addition to examine who these political actors are to see if the newspaper refers to only one political party. I found that there is a clear distinction between the capital newspapers and the newspapers outside Christiania when it comes to neutrality. The newspapers in the capital show greater neutrality to the political content they publish, in contrast to the newspapers outside which to a greater extent either hold back information to promote a political view, or comment on the matter directly. Through the analysis and discussion, it also emerged that the attitudes of the newspapers to the language equality decision were not necessarily based on geographical placement and size of city, but rather on the social status and audience of the individual newspaper. The survey showed the newspapers had varied degrees of coverage of the language equality decision and that political influence was present but most evident in the newspapers outside Christiania.

## Innhald

1 Innleiing .....	4
2 Hovuddel .....	5
2.1 Avisene og den teknologiske utviklinga på 1800-talet.....	5
2.2 Høgre og Venstre.....	6
2.3 Aasen, de to kulturane og målrørsla på 1800-talet .....	8
2.4 Historiografi, kjelder og metode.....	9
2.4.1 Gotisk og riksmål.....	10
2.4.2 Historiografi.....	10
2.4.3 Partipressa og landsmål.....	12
2.4.4 Verdens Gang.....	12
2.4.5 Morgenbladet .....	14
2.4.6 Vossebladet .....	15
2.4.7 Stavanger Amtstidende og Adresseavis.....	16
2.4.8 Hedemarkens Amtstidende .....	17
2.5 Analyse .....	18
2.5.1 Struktur .....	19
2.5.2 Innhald .....	20
2.5.3 Aktørar og politisk vinkling.....	21
2.6 Drøfting .....	23
3 Avslutting .....	27
4 Litteratur.....	30
5 Aviser .....	33

**Problemstilling:** Korleis dekker avisene språkdebatten i 1885? I kor stor grad er denne dekninga påverka av partistandpunkt.

## Jamstillingsvedtaket og pressa i 1885

”[...] ja hvis vore Digttere, som Ibsen og Bjørnson, havde skrevet fine Verker i et Sprog, som ikke levede paa Folkets Tunge, da kunde de Digttere ligesaagodt have lagt sig til at dø Dagen[...]” (Motzfeldt, Morgenbladet, 1885).

I 1884 blei Høgre og Venstre stifta. Fyrst som individuelle stortingsparti og etter kvart som veljarforeining og partiorganisasjon. Etter kvart dukka det opp spesifikke høgre-aviser og venstre-avis omkring i dei største byene, og fenomenet «partipresse» var etablert. 1800-talet var tida for Noregs frigjering og sjølvråderett, landet hadde i 1814 fått eigen grunnlov. Seinare på 1800-talet kom innføringa av den parlamentariske styreforma, og opprettinga av politiske parti. Samstundes som denne politiske utviklinga var det og ei målreising på gang i Noreg; Den nynorske målreisinga (då kalla Landsmål og Folkespråket).

### 1 Innleiing

Denne fordjupingsoppgåva skal sjå på korrelasjonen mellom politisk påverknad og dekninga avisene i 1885 hadde på debatten om jamstillingsvedtaket. Oppgåva vil besvare fylgjande problemstilling; Korleis dekkja avisene språkdebatten i 1885? I kor stor grad var denne dekninga påverka av parti standpunkt? Jamstillingsvedtaket var eit vedtak som tok plass 12.mai 1885, og som omhandla likestillinga mellom dei to skriftspråka riksmål og landsmål. I likskap med dagens samfunn og debatten om nynorsk og bokmål var også debatten på 1880-talet omstridt. Jamstillingsvedtaket resulterte i 78 stemmer for og 31 stemmer mot<sup>1</sup>. Gjennom denne undersøkinga er formålet å få eit større innblikk i 1880-talets presse og politikk, og å sjå dei raude trådane mellom språknasjonalismen, politikken og historia.

Problemstillinga i oppgåva har eit tverrfagleg fokus; den har eit språknasjonalt, eit historisk og eit politisk aspekt. Problemstillinga er delt i to deler, der den fyrste i større grad ser på avisenes dekning av språkdebatten, medan del to av problemstillinga vil sjå på kor store

---

<sup>1</sup> Morgenbladet 1885



delar av denne dekninga som er politisk påverka. Fokuset i denne oppgåva vil være på linjene mellom politikken og språknasjonalismen, og sjå nærmare på faktorar som kan spele inn på dette forholdet.

Oppgåva vil greie ut om relevant bakgrunnshistorie for språkdebatten og hendelsesforløpet kring den. Dette inkluderer utgreiing om avisene og den teknologiske utviklinga på 1800-talet, om korleis avisa blei det store organet som det var i 1885. Denne bakgrunnshistoria inkludera også politisk historie om partia Høgre og Venstre, samt språkhistorie om den språknasjonale utviklinga i Noreg og kva for nokon samfunnsendingar og samfunnssyn som var sentrale for aktørane på 1880-talet. Undersøkinga i oppgåva er tatt av eit utval av aviser i perioden 12.mai-23.mai 1885, og utvalet består av: Verdens Gang, Morgenbladet, Vossebladet, Stavanger Amtstidende og Adresseavis og Hedemarkens Amtstidende. Avisene representera henholdsvis hovudstad, distrikt og vestlandet/austlandet. Utvalet vil bli analysert etter tre kategoriar; innhald, struktur og politiske aktørar, som vil bli kommentert og debattert i drøftingsdelen av oppgåva. Drøftinga vil stille spørsmål bak avisenes vinkling, dekning og kommentering av jamstillingsvedtaksdebatten. Drøftinga vil i tillegg trekke inn eksterne faktorar og tidlegare forskning for å underbygge resultatet av undersøkinga, for å sjå om det er ein korrelasjon mellom funna i denne oppgåva og det som er funnet i tidlegare oppgåver.

## **2 Hovuddel**

### **2.1 Avisene og den teknologiske utviklinga på 1800-talet**

Perioden 1850-1880 var ei gjennombrotstid for kommunikasjonsutviklinga i Noreg. Jernbanenettverket blei gradvis utbygd, i aller størst grad på austlandet, men i 1883 var det og komen linjer mellom Voss og Bergen, og mellom Stavanger og Egersund. I tillegg til dette var vegnettet blitt utbygd og det blei stadig større trafikk av dampbåtar i fjordane.<sup>2</sup> Innkkomsten av telefon og telegraf bidrog også til at omløpshastigheita på informasjon var raskare enn tidlegare, som gjorde at pressa blei meir nyheitsorientert og meir dagsnært enn før.<sup>3</sup> Ein konsekvens av den forbetra samferdselen og kommunikasjonsutviklinga i Noreg var at

---

<sup>2</sup> Mjeldheim 1984: 40-41

<sup>3</sup> Ottesen 2010: 15

avisene blei utbetra. Kombinasjonen av forbetra trykkes teknologi, kvalitet på papir, rotasjonspresse og moderne settemaskiner gjorda at avisene kunne trykke opp eit større opplag på kortare tid enn tidlegare.<sup>4</sup> I tillegg kunne avisene no grunna betre samferdsel nå ut til eit mykje større geografisk område. Eit særtrekk av pressen på denne tida var at avisene var blitt sterkt politisert. Dette gjaldt både hovudstadsavisene og lokale aviser. Avisene var ikkje lenger nøgd med berre å vidareformidle rikspolitikken i nøytral form, dei tok standpunkt og kommenterte tekstane.<sup>5</sup>

Samstundes med denne utviklinga var det fleire politiske hendingar i Noreg; den parlamentariske styreformas var blitt innført, og landets to fyrste politiske parti (Høgre og Venstre) var blitt oppretta. I likskap med at avisene i større grad blei politisert, var også fleire politikarar redaktørar i aviser, og så var eit band mellom parti og presse skapt. I slutten av 1880-åra var avisene blitt den politiske pressen, ved at de knytt seg opp til eit politisk parti og deira politiske syn og fremma det i avisene.<sup>6</sup> Den politiske pressa frå 1860-talet blei ei stor politisk endringskraft. Impulsane frå den sentrale politiske arenaen nådde i større grad ut til vide grupper i samfunnet gjennom avisene.<sup>7</sup> Gjennom bruk av kvarandre forsøkte partia og avisene å strategisk vinne kampen mot andre parti i oppslutning og å sikre framgang hos lesarane av avisa.<sup>8</sup> Kva partitilknytning avisa hadde kunne avisa velje sjølv, og denne kunne endrast undervegs, det var likevel ofte ein positiv korrelasjon mellom kven som var redaktør og kva partitilknytning avisa hadde.<sup>9</sup>

## 2.2 Høgre og Venstre

I 1885 var den politiske situasjonen i Noreg prega av polarisering mellom partia Høgre og Venstre. Polarisering er i politisk samanheng ein omgrep som nyttast om aukande motsetningar mellom dei to viktigaste aktørane i eit politisk system. Som i dette tilfellet var Høgre og Venstre.<sup>10</sup> Under utviklinga av politiske parti byrja mange av de organiserte folkerørslene å tendere mot å bli med i venstrekoalisjonen. Den same organisasjonskontinuiteten var derimot ikkje å registrere på høgresida<sup>11</sup> Høgre som tidlegare

---

<sup>4</sup> Ottesen 2010: 7

<sup>5</sup> Mjeldheim 1984: 42-43

<sup>6</sup> Ottesen 2010: 7

<sup>7</sup> Mjeldheim 1984: 44

<sup>8</sup> Ottesen 2010: 15.

<sup>9</sup> Ibid: 27

<sup>10</sup> Thorsen 2020

<sup>11</sup> Kaartvedt 1984: 33

hadde bestått av det gamle embetsverket og eit borgarskap av næringsdrivande<sup>12</sup> hadde i byrjinga av sin politiske tid ein litt diffus profil. Det skuldetes at Høgre etter opprettinga av politisk parti nesten hadde blitt meir av ein samlesekk for misnøye med venstreopposisjonen enn ein politisk organisasjon med klar einigheit om konservativ forsvarslinje<sup>13</sup> Det Høgre-partiet som sto klart i 1885 var ikkje noko embetsmannsparti, men innanfor standsstemmerettsordninga eit sosialt differensiert folkeparti.<sup>14</sup> Venstre som partipolitisk organisasjon baserte seg på impulsar frå europeisk liberalisme og radikalisme. Venstre bestod i tida før det blei eit parti av mange mindre grupper. Det var fyrst då Søren Jaabæk gjekk i forbund med Johan Sverdrup i 1869 at Venstre blei ei samling på tvers av klasseskilje og snevre gruppeinteresser, og kunne kalle seg ideparti og folkeparti.<sup>15</sup> De tydelegaste skilja mellom partia var at det eine partiet var meir konservativt, medan det andre var meir radikalt, i tillegg til historia og folkegruppene som sto bak.

Dette speglar seg blant anna i avisnamn. Blant avisene på 1800-talet finn ein eit mønster på at avisnamn er meiningsberande, og då er det snakk om politisk meiningsberande. Det gjeng att at aviser med «Folk» i tittelen, som til dømes «Folkeviljen» er «venstre-aviser». Medan aviser som nytta meir nøytrale avisnamn som «Tidende», «Amstidende» og «Posten», gjerne i samband med stadnamn, ofte var av den konservative sorten og då gjerne hadde partitilknytning til Høgre. Dette var eit stort mønster av men med somme unntak. Til dømes var «Firdaposten» ei venstreavis, og «Folkedybet» var ei høgreavis.<sup>16</sup>

---

<sup>12</sup> Seip 1987: 59-60

<sup>13</sup> Kaartvedt 1984: 34

<sup>14</sup> Ibid: 10

<sup>15</sup> Kortner 1951: 9-18

<sup>16</sup> Ottesen 2010: 27

### 2.3 Aasen, de to kulturane og målrørsla på 1800-talet

Tidleg på 1800-talet var det berre eit skriftspråk i Noreg. Skriftspråket var direkte overført til daglegtale blant landets elite, og kalla «danna språk». Til tross for å være det einaste nasjonale skriftspråket så var det berre 5% av befolkninga av Noreg som nytta denne daglegtaleten. Dei resterande 95% var husmenn, bønder, fiskemenn og arbeidarar. Dei nytta dialekt. For desse blei skriftspråket meir distansert og meir framand. Noreg hadde ein språksituasjon som var sterkt påverka av den språksosiale tilstanden i landet. Den «danna» talen fekk høg status for å være leiande med skriftspråket, medan dialektane fekk lågare status. Mannen som skulle endre dette var Ivar Aasen (1813-1896).<sup>17</sup> Aasen var uvanleg god til å systematisere større språkleg materiale. Han byrja å introdusere landsmålet til menneska kring han gjennom sine eigne verk, blant annet gjennom «Det norske Folkesprogs Grammatik» (1848).<sup>18</sup> Gjennom skriftspråkframlegging viste Aasen ei mogleg historisk oppfatning av kva som var norsk, kven som representerte det norske og korleis det dansk-norske talemålet og tilhøyrande skriftspråk kunne vurderast nasjonalt.<sup>19</sup>

Kva som var det nasjonale i Noreg på 1800-talet var det ikkje einigheit over. Noreg var i 1851-1884 ein stat delt av to større kulturar, embetsmannskulturen og bondekulturen.<sup>20</sup> Ein kultur var rekna som den unasjonale og framande, medan den andre var heimleg og nasjonal. Kva for ein av dei to kulturane i Noreg som var kva kom an på kva gruppe ein spurde. Kring 1880-talet var landet gått frå strid mellom to kulturar til to fraksjonar innan same kulturform, dette skjedde i takt med opprettinga av politiske parti.<sup>21</sup> To-kulturtesen til Hans Try skildrar og tydeleggjer dei store kulturelle og nasjonale skilnadene internt i Noreg på 1800-talet. Rester av desse to kulturane fann ein og i blant målmenn i målrørsla og i opposisjonen. Det å angripe språkhegemoniet til embetsmenn blei for somme i opposisjonen eit viktig politisk verkemiddel, og Aasens landsmål blei ei konkret sak som målmenna i opposisjonen kunne arbeide for og argumentere med.<sup>22</sup>

Målrørsla var eit resultat av språkreisingsarbeid og kulturnasjonalistiske impulsar frå Europa som nådde bymiljøa i Christiania og Bergen. Aasen skapte det teoretiske fundamentet, landsmålsnormalen, som var det skriftlege felleseininga for norske dialekter, som Jahr beskriv

---

<sup>17</sup> Jahr 2015: 13-17

<sup>18</sup> Ibid: 21-22

<sup>19</sup> Ibid: 28

<sup>20</sup> Try 1995: 9-10

<sup>21</sup> Ibid: 20

<sup>22</sup> Jahr 2015: 28

at var ferdig utvikla fyrst i 1873 etter å ha reist omkring i landet og samla dialektprøvar i åra 1842-1846.<sup>23</sup> Til tross for dette var berre landsmålet eit teoretisk system. Det trengde å bli noko handfast, gjennom praktisk bruk i presse og litteratur. Folkehøgskulane var sentrale i opplæring både språkleg og ideologisk, og nådde ut til store deler av bygdesamfunnet og andre masser gjennom folkemøte, lærarkurs og liknande aktivitetar.<sup>24</sup> Hovudvekta i målrørsla låg på den individuelle og den enkelte si uorganiserte innsats, som etter kvart fekk politiske følger. Målsaka og nasjonalismen blei politisert mot den politiske venstresida, og det blei vanskelegare for politisk konservative medlemmar å finne seg til rette.<sup>25</sup> Det blei eit større politisk skilje.

Landsmålstilhengjarane (målmenn) trekte stadig linjer mellom målrørsla og internasjonalt kulturarbeid i Europa, ein kombinasjon av kulturnasjonalisme og internasjonisme. Ein føresetnad for dette synet var tanken på at det i større grad bygde på ein resturasjonstanke. Mellomalderen var kjend som ein idealtilstand for Noreg, det var gullalderen for politikk og kultur, og landet hadde da eit veletablert kulturspråk. Dansketida derimot blei sett på ein mørk og vanærande periode, ein svart flekk i historia. Målfolket nytta desse to døma og sette gullalder opp mot forfall, for å få fram ein tydeleg kontrast og beskjed; gjennom målrørsla skulle målfolket bygge ei bru mellom stordomstid og moderne tid.<sup>26</sup> Kulturnasjonalismen blei eit politisk reiskap for dei sosiale gruppene som var tilknytt bondesamfunnet. Den var viktig i den nasjonale motiveringa, som på generell basis måtte ha sterkare gjennomslagsevne i det konservative bondesamfunnet enn sosialistisk farga argumentasjon hadde.<sup>27</sup>

## 2.4 Historiografi, kjelder og metode

I denne fordjupingsoppgåva består utvalet av litteratur som skal undersøkjast av fem aviser. De fem avisene representera hovudstad, distrikt, austland og vestland, og vil i analysen og drøftinga fungere som ein representant for andre aviser i sitt geografiske område og partipolitisk syn. Sidan utvalet av aviser frå 1885 er relativt avgrensa, så har det påverka valet

---

<sup>23</sup> Jahr 2015: 20-23

<sup>24</sup> Haugland 1985: 12

<sup>25</sup> Ibid: 16-18

<sup>26</sup> Ibid: 38

<sup>27</sup> Ibid: 43

av aviser. Tid og omfanget på oppgåva har også avgrensa utvalet av aviser. Det resulterte i de fem avisene; Verdens Gang, Morgenbladet, Vossebladet, Stavanger Amtstidende og Adresseavis og Hedemarkens Amtstidende. Verdens Gang og Morgenbladet er begge aviser frå Christiania, og skal tilsynelatande være nøytrale aviser i denne politiske samanhengen, men har tydelegare partitilknytning i andre saker. Vossebladet og Stavanger Amtsblad og Adresseavis er begge aviser frå vestlandet, men med ulik målgruppe og ulik partitilknytning. Hedemarken Amtstidende er den siste avisa og er frå distrikt-austlandet. Utvalet av aviser er avgrensa til tida 12.mai til 23.mai 1885, grunna at samferdselen i Noreg gjorde at informasjon tok lengre tid til utkanten av landet enn til Christiania. I tillegg er somme aviser dagsaviser medan andre publiserer sjeldnare. I utvalet er det fokusert på kommentarar, vinkling og dekning av jamstillingsvedtaket som tok plass i Stortinget 12.mai 1885. Andre kommentarar kring målsaka i same tidsrom er også inkludert vidare i analysen for å underbygge teoriar kring problemstillinga.

#### **2.4.1 Gotisk og riksmål**

Avisene i utvalet er alle skrevet i gotisk skrift, ein variant kalla Fraktur. Den var populært nytta som trykkskrift i Europa frå 1500-talet fram til 1900-talet, då antikvabokstavane tok over.<sup>28</sup> I denne oppgåva er det ei rekke sitater, desse er direkte overført frå Fraktur til Times New Roman, og har beholdt riksmålsspråket. Det kan dog være oversettelsesfeil, då Fraktur har fleire bokstavar som liknar, deriblant liten s, f og k, i tillegg til stor B, P og V.

#### **2.4.2 Historiografi**

I denne fordjupingsoppgåva ligg fokuset på forholdet mellom presse og parti i tidsrommet 1880-1885 i Noreg. Det er eit tema som det ikkje er særleg mykje forskning på, men det er to masteroppgåver henholdsvis frå UIO og UIT som tar opp denne tematikken gjennom andre politiske saker. Håkon Fenstad skreiv i 1998 ei masteroppgåve ved UIO kalla; «*partipressen og trontalen: en historisk, komparativ innholdsanalyse av pressens dekning av trontalen*». Fenstad har valt å sjå på skilnadar i korleis norske aviser har vektlagt og omtalt trontalen under og etter perioden med partipresse (1860-1996), med ein hovudteori på at avisene omtalar trontalene mindre og meir nøytralt i 1996 enn i slutten av 1800-talet. Gjennom sin

---

<sup>28</sup> Rannem 2021

analyse av Arbeiderbladet og Aftenposten finn han ut at det stemmer at avisene var mindre nøytrale under perioda med partipresse<sup>29</sup>. Den andre masteroppgåva er skrevet av Jan Tore Berghei i 2010 ved Universitetet i Tromsø. Han skriv om Russland i norsk presse, ei undersøking av hovudstadsavisene i perioda 1880-1905. Berghei har undersøkt Morgenbladet, Dagbladet, Verdens Gang og Aftenposten, med hovudvekt på sistnemnde. Der kom han gjennom kvalitative undersøkingar av avisene fram til at norske aviser overdreiv faren frå Russland for å søke støtte for fornorskings- og forsvarspolitikken. Det var fyrst etter unionsoppløysinga at dekninga av Russland blei dempa og pressen blei meir verkelegheitsnær og mindre påverka av parti- eller unionpolitisk ståstad. Også i Berghei si masteroppgåve ser ein spor av partipåverknad tidleg 1880 åra.<sup>30</sup>

Svennik Høyér skriv i «Norsk presse mellom 1865 og 1965: strukturutvikling og politiske mønstre» om forholdet mellom journalistar og kjeldene deira. Høyér omtalar avisenes makt i informasjonsdeling og skriv at i den grad kva avisa kunne tilby eliten hadde stor korrelasjon med kor stor kontroll avisene hadde over informasjonsspreiing og innflytelse på publikummet sitt. Eit viktig og sentralt punkt i Høyérs verk er forhandlingsmakt blant avisene. Dei største avisene hadde størst forhandlingsmakt i forhold til hovudstadens mektigaste menn, så desse avisene blei ikkje i like stor grad påverka av eliten i motsetning til de mindre avisene som i større grad var avhengig av å blidgjere kjeldene sine for å behalde dei.<sup>31</sup> I Martin Eides artikkel; «Den redigerende Makt – redaktørrollen i historisk perspektiv» finn ein redaktøren som politisk talerøyr. Redaktørkontoret som på 1800-talet fungerte som ein kommandosentral, som eit politisk kraftsenter. Eide omtalar redaktørkontoret som ein møteplass der den redigerande makta i avisa spelte saman med den regjerande makta i politikken, og gir eit innblikk i samspelet mellom politikken og redaktørrolla på 1800-talet.<sup>32</sup>

Undersøkingane til Fenstad og Berghei peikar i retning av at det var stor partipåverknad i avisene allereie på 1880-talet. Både Berghei og Fenstad har andre politiske sakar enn denne oppgåva tar for seg, men det er same fokus på jakt etter koplinga mellom politisk påverknad og presse. Høyér og Eide belyser begge forholdet mellom aktørane innanfor «presse» og «parti» og samspelet mellom desse.

---

<sup>29</sup> Fenstad 1998

<sup>30</sup> Bergehi 2010: 108

<sup>31</sup> Høyér 1977

<sup>32</sup> Eide 2002

### 2.4.3 Partipressa og landsmål

Partipressa (systemet av aviser med tilknytning til politiske parti) har ikkje berre vert ein grunnpilar for større og velorganiserte pressegrupper. Blant Noregs småbyar og bygder har partidelinga ført til eit mangfald av aviser, som frå slutten av 1800-talet og fram til fyrste verdskrig gjorde lokalpressa heilt spesiell i det norske medielandskapet.<sup>33</sup> Partipressa var eit system som varte i om lag 100 år, og det er diskutert i kor stor grad pressen eigentleg var lojal mot det partiet dei i teorien skulle støtte, eller i kva grad avisa blei avgrensa av sitt eget parti.<sup>34</sup> Partiloyalitet var ein klar definert eigenskap i avisas kvalitet. Henrik Dahl, professor ved UIO forklarar dette i pressehistorisk tidskrift.

*«En «fargerik» avis er en god avis. For hundre år siden var fargerikdom ensbetydende med partipolitisk engasjement. «Fargerik» var den avis som tok parti, var konsistent i sine redaksjonelle verdivalg og endringsorientert, det vil si partipolitisk engasjert. «Fargeløs» var den avis som ikke var partipolitisk engasjert.» (Henrik Dahl <sup>35</sup>).*

I avisene frå 1885 finn ein ofte landsmål omtalt som enten «folkespråket» og «det norske folkespråk», eller som «bygdespråket» og «kulturspråket» alt etter kven som leia avisa og kva politisk orientering den avisa hadde. Motpolen til landsmål var riksmål, ofte omtalt som «skriftspråket» og «bokspråket», og i somme landsmåls kretsar gjekk riksmål under nemninga «dansk» til riksmålsbrukaranes store misnøye.<sup>36</sup> Avisene som skal analyseras i denne oppgåva er; Verdens Gang, Morgenbladet, Vossebladet, Stavanger Amtstidende og Adresseavis, og Hedemarkens Amtstidende.

### 2.4.4 Verdens Gang

Verdens Gang blei grunnlagt i 1868, og blei ei dagsavis i 1885. I dette tidsrommet hadde den stor innflytelse, og var i ei årrekke Noregs mest utbreidde politiske avis. Verdens Gang hevda alltid eit uavhengig liberalt standpunkt.<sup>37</sup> Redaktøren i Verdens Gang i dette tidsrommet var Ola Thommessen. Thommessen var redaktør frå 1878 til 1910, og han gjorde Verdens Gang

---

<sup>33</sup> Haugland 1985: 58

<sup>34</sup> Dahl 2014: 11

<sup>35</sup> Ibid: 12

<sup>36</sup> Haugland 1985: 9

<sup>37</sup> Eide 2021



til Venstres hovudorgan for politisk stoff. Thommessen sjølv var og aktiv i Venstre i 1880-åra, noko som kunne spegle gjennom i innlegga ein las i Verdens Gang.<sup>38</sup>

Verdens Gang publiserte i tida 12.mai til 23.mai berre eit innlegg om jamstillingsvedtaket, dette innlegget kom den 19.mai 1885. Innlegget har namnet «*Møder 11.-18.mai, Folkesprog og skriftsprog*» og er eit informativt referat på 1000 ord. Referatet inneheldt uttalelsar frå fleire politiske aktørar som Jakob Aall Bonnevie, Johannes Wilhelm Christian Steen, Livius Smitt og Daniel Knudsen Sæter.

*«Der forelaa indstilling fra kirkekomiteen anngående Juel, Listøl med fleres Forestilling om Folkemaalets Ligestilling med Skriftsproget. Indstillingen gik ud paa følgende: Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføjning til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» (Verdens Gang, 1885).*

Innlegget er bygd opp av argument frå begge sider. Smitt har ein lengre kommentar som drar inn større ord om kultur, fleire hundre år med arbeid, åndeleg liv og det å bli tvungen til å nytte «Bygdesprog». Der Sæter svarar med å forsvare innstillinga. Verdens Gang runda av med kommentar frå statsråd Elias Blix som oppsummera ved slutten av debatten;

*«Statsraad Blix: Meningen var ikke at fortrænge Skriftsproget. Man vilde stille de to Sprogrensninger aldeles lige saa sik enhver af dem frit utfolde den Kraft, den ejede, og efter de Regler Udviklingens Lobe tiljagde. Taleren hadde ingen Mening om hvorledes det endelige Skriftsprog tilsist vilde blive.» (Verdens Gang, 1885).*

Verdens Gang skriv eit nøytralt og informativt innlegg kring jamstillingsvedtaket. Dette er den einaste saka om jamstillingsvedtaket Verdens Gang har skrivet i perioden 12.mai-23.mai 1885.

---

<sup>38</sup> «Ola Thommessen» 2020

## 2.4.5 Morgenbladet

Morgenbladet er ei vekeavis frå Oslo som blei grunnlagt i 1819 av teologen Niels Wulfsberg «(...)som ein bladlapp utan meiningar(...)» (Norland<sup>39</sup>). Avisa hadde lenge vært eit liberalt opposisjonsorgan, og blei i 1848 uavhengig konservativ. Under redaktør Christian G. Friele (redaktør frå 1857-1893) blei Morgenbladet den leiande avisa i landet, og eit hovudorgan for regjeringa, embetsmennene og prestane. Morgenbladet blei frykta og respektert under Frieles leiing, og gav lesarane mykje politikk i 1880-åra, deriblant målsaka var godt dokumentert i Morgenbladet.<sup>40</sup>

Morgenbladet hadde den 13.mai 1885 eit lengre innlegg om målsaka, som verkar som eit direkte referat av stortingsmøtet. Innlegget er i underkant av 4000 ord langt og er betydeleg lengre enn de andre avisinnlegga i denne oppgåva. Innlegget byrjar med ein sakleg start før det går rett i referat frå statsråd Ketil Johnsen Melsted Motzfeldts foredrag. Han meiner at det er for mange landsmål, og refererar til «den Ivar Aasenske form», «Knudsenske Retning» og «den Høyemske Maal». Vidare var det to problemstillingar i Motzfeldts foredrag: Vi kan ikkje forholde oss til så mange ulike landsmål, og: Det er betre med eit språk enn å velje ut kva landsmål som skal brukes. Dette synast i sitatet frå avisartikkelen under her:

*«Der var talt saa meget om Kjærligheden til dette Landsmaal; men hvorfor skulde ikke ogsaa vi andre, som ogsaa havde et Modersmaal og et Sprog, hvortil vi hadde næret Kjærlighed, hvorfor skulde ikke ogsaa vi faa Lov til at Elske dette Sprog, som var vort?» (Motzfeldt, Morgenbladet, 1885)*

Videre i innlegget er det debatt mellom Motzfeldt og Steen. Emil Stang har ein kort replikk der han uttaler at han er sterkt ueinig i heile innstillinga. I eit lengre sitat frå statsråd Elias Blix ser vi svaret han hadde til Motzfeldt foredrag tidlegare i innlegget;

*«Taleren havde ogsaa klart og tydeligt sagt, at han havde den Mening og Tro, at hvad han for Øieblikket vilde, det var at stille de to Sprogretninger aldeles lige, saa at enhver af dem dik udfolde den Kraft, som var i det, og efter de Regler, som Udviklingens Love tilsagde; han hadde ingen Mening om hvad der vilde blive det endelige Sprog. Hvad der var hovedsagen for Tal., det var, at Folkesproget og Skriftsproget fik udfolde sig paa samme Maade. Motzfeldt havde talt om kjærligheden til dette Sprog og spurgt:*

---

<sup>39</sup> Norland, 2020

<sup>40</sup> Ibid

*hvorfor skulde ikke ogsaa Landsmaalets Modstandere faa Lov til at elske sit Modersmaal? Jo ganske vist, det skulde de, men Tal. Vilde ogsaa spørge, hvorfor ikke ogsaa vi, som holdt paa Landsmaalet, skulde da faa Lov til at elske dette Sprog? [...] Komiteindstillingen bisaldtes derpaa med 78 mot 31 St. De 31 vare Høire + Didrichsen og Huser. Fraværende: Jylen, Sørstad, Mustad, Hansen og Lange» (Statsråd Elias Blix, Morgenbladet, 13.mai 1885)*

Innlegget i Morgenbladet held seg nøytralt. Det er større deler som går til Motzfeldt foredrag, men innlegget har ein debatt på midten og avsluttas med statsråd Blix, så det er generelt sett ein jamn fordeling parti politisk imellom.

#### **2.4.6 Vossebladet**

Vossebladet er ei tradisjonsrik avis som held til på Voss i Vestland fylke. Avisen heitar i dag Hordaland, men var på slutten av 1800-talet kjend som Vossebladet.<sup>41</sup> Avisen er eit resultat av venstrefolket si motmobilisering etter at høgre etablerte seg på Voss i 1878.<sup>42</sup> Vossebladet kommenterte målsaka i to nummer; 16.mai 1885 og 23.mai.1885.

I kommentaren 16. mai 1885 byrjar Vossebladet ved å introdusere ei sak som tidlegare hadde blitt kommentert i avisa; kursing av folkeskolelærarane i landsmål. Dette er ikkje ein kommentar om jamstillingsvedtaket som dei andre avisene har omtalt, men innlegget til Vossebladet er tatt med i denne undersøkinga likevel grunna at den kan underbygge eventuelle funn i avisas åtferd, og fordi den omhandlar same sak berre ikkje same debatt. Like etter introduserast eit utdrag frå debatten, det er eit utdrag frå statsminister Johan Sverdrup foredrag. Sverdrup er grunnleggaren av det politiske partiet Venstre, og var leiar for den delen av Venstre som etter kvart blei kalla «Vestlands-venstre» , som bestod i hovudsak av målfolk, avhaldsfolk og lågkyrkjelege.<sup>43</sup>

*”Hvad var det Landsmaal, man havde seet sig istand til at opstille? Det var jo en dugtig Bearbejdelse af Dialekterne, saavidt en Samling af dem til et fælles Sprog, omsluttende de fleste og bedste Bygdemaal og saaledes, at der gaves Raaderum til at vælge. Ivar Aasen, hvis Fortjeneste der var, at dette*

---

<sup>41</sup> Eggum 2021

<sup>42</sup> Hetland 2017

<sup>43</sup> Fuglum 2009

*Landets Sprog var naaet frem til Anerkjendelse, og som derfor vilde staa som et stort Minde i Historien, sagde, at der vistnok var nogen Forskjel mellem Dialekterne, men der lagdes formegen Vægt paa denne Forskjell”*  
(Vossebladet, 16.mai 1885).

Større deler av kommentaren den 16.mai er direkte sitat frå foredraget til Sverdrup, utan vinklingar frå den andre sida av politikken.

Den 23.mai skriv Vossebladet om jamstillingsvedtaket. Innlegget omhandlar direkte innstillinga om likestillinga mellom landsmål og riksmål, debatten som tok plass i Stortinget den 12.mai. Vossebladet har i korte trekk gitt hovudpunkta, som i dette tilfelle vil si at de kommenterte høgrepolitikaranes uttalelser som «de hadde nokon bemærkninger» og heller greia ut om venstre politikaranes syn og kommentarar. Eit døme på dette ser ein her; «*Efter nogle kortere Bemærkninger af Bonnevie og Steen holdt Smitt et langt Foredrag om Landsmaalet, hvilket endte med, at ”ernoget Bagstræv, saa er den Tanke, som her er oppe, Bagstræv”.*» (Vossebladet, 23.mai 1885). Vidare får ein bonde med namn Nils Juel spalteplass til hans forslag om behandlinga av denne saka.

*”Juel fremsatte derpaa Forslag om, at Behandlingen af denne Sag skulde udstaa indtil videre paa Grund af, at en Statsraad til Taleren havde udtalt saadant Ønske, saafremt Indstillingen som under nogen større Debat. Dette Forslag gav Anledning til en kortere Replikverel mellem forskjellige Talere, hvorefter Juels Forslag, der var ændret til Udsættelse til næste Møde, blev vedtaget mod 24 Stemmer.”* (Vossebladet, 23.mai 1885).

Vossebladet viser eit tydelegare fokus på venstrepolitiske meiningar og syn i sakene kring målsaka, og held seg ikkje like nøytrale som til dømes Verdens Gang gjorde i saken deira. Det er ikkje nødvendigvis at Vossebladet sjølv har kommentert argument mot høgre sida, men heller at dei tilbakeheld argument frå høgre-politikarane i avisa, og i større grad frontar venstre sida av saken.

#### **2.4.7 Stavanger Amtstidende og Adresseavis**

Stavanger Amtstidende og Adresseavis, tidlegare Stavanger adresseavis, blei utgitt frå 1833 til 1906. Avisen var frå 1872 dagsavis og tok med det større del i den politiske debatten. Avisen

blei eit talerøyr for de mest konservative kretsane. Byens aller mektigaste menn leste avisa dagleg, og tok gjerne turen innom redaksjonen om dei hadde noko på hjartet.<sup>44</sup>

Stavanger Amtstidende og Adresseavis hadde to innlegg om målsaka, eit veldig kort eit den 15.mai 1885 og eit litt lengre den 16.mai 1885. Denne korte kommentaren var å finne i avisa 15.mai 1885:

*«Stortinget besluttete den 12te ds. At stille en Anmodning til Regjeringen om at træffe Forføinger til Folkemaalets Ligestillen med Skriftsproget mod 31 St.» (Stavanger Amtstidende og Adresseavis, 1885).*

Den 16.mai kom ein lengre versjon av kommentaren. Den lengre versjonen var meir personleg og mindre nøytral. Kommentaren er ein blanding av informasjon til lesarar og personleg meining, dette kjem fram i utsegn som dette:

*«Man faar dog haabe, at Folkets sunde Sands vil afholde det fra saadanne Misgreb, der let kunde blive skjæbnesvangre for den enkelte.» (Stavanger Amtstidende og Adresseavis, 1885).*

Avisa går vidare til å kommentere at debatten var keisam og at det var berre eit bra innlegg, og det var foredraget til Livius Smitt, politkar i Høgre. Tatt i betraktning at avisa ikkje held seg sakleg eller nøytral kan ein vurdere om innlegget er partisk til den eine sida av politikken.

#### **2.4.8 Hedemarkens Amtstidende**

Hedemarkens Amtstidende blei fyrst utgitt i 1846, og heldt til i «rikmannsbyen» Kongsvinger i Sør-Hedmark. Byen var omkransa av landkommunar der de liberale sto sterkare, så det var derfor ikkje overraskande at Kongsvinger-avisa var konservativ og den leiande avisa i sitt område fram til 1885.<sup>45</sup>

Hedemarkens Amtstidende skreiv den 15.mai 1885 om likestillinga mellom Landsmålet og Riksmålet. Det er eit litt lengre innlegg på om lag 1500 ord, og byrjar med konkret saksinformasjon. Avisa informerte om status på saka, kva som er vedteken og tal stemmer for og imot. Resten av innlegget er eit utdrag frå byfogd Livius Smitt, som utgreier

---

<sup>44</sup> Omdal 2020

<sup>45</sup> Ovlien 2020

om sine meiningar kring det nye skriftspråket og kva rolle det kan ta i samfunnet. Foredraget til Smitt er språkleg fargerikt og han nyttar mykje etos og patos i argumenta sine. Han hentar eigne erfaringar inn i argumentasjonen, men har og ein tendens til å dra motargument ut av kontekst. Eit døme på argumentasjonen til Smitt finn ein under her;

*”Skulde det være saa, at kun den enkelte Bygde- eller Grænddialekt havde Modersmaalets Værd og Betydning for den enkelte, da vilde det føre til et komplet Opløsning af og en Babels Forvirring i Sproget. Man sagde, at det Sprog, hvorpaa vi nu skrive, skulde være et fremmed Sprog. Det Sprog, som i Aarhundreder paa Aarhundreder har været vort fælles Skriftsprog, det Sprog, hvori Religionens Sandheder har været Slægt efter Slægt, Barnet paa Moders Faug har lært fine Bønner, det skulde være et fremmed Sprog. Nei, det kunde ikke med Sandhed siges.” (Byfoged Smitt, Hedemarkens Amtstidende, 1885).*

Det blir argumentert mykje mot landsmål til tross for at det er snakk om likestilling og ikkje fjerning av verken det eine eller det andre. Det kjem også fram i argumentasjonen til Smitt at han ikkje ynskjer splittens i språket men heller ei samkøying mellom dei to skriftspråka.

*«Han mente, at Nationalitetsopgaven hos alle civiliserede Folkeslag netop bestaar i at forene og ikke at splitte og han mente derfor, var noget Bagstræv, da var den Tanke, som her var oppe, Bagstræv.» (Byfoged Smitt, Hedemarkens Amtstidende, 1885).*

Hedemarkens Amtstidene har vidare i avis-innlegget ikkje kommentarar eller innspel frå andre politikarar. Innlegget viser berre Smitts meining om saka. Livius Smitt er høgrepolitisk, så innlegget er i større grad høgrepolitisk vinkla, utan innspel av andre politiske syn og meiningar kring emnet.

## **2.5 Analyse**

I analysen av utvalet vil avisene bli analysert enkeltvis etter tre punkter som er relevant for problemstillinga; struktur, innhald og politiske aktørar. Fyrst vil de bli analysert ut ifrå

struktur i avisinnlegget, kor mykje skriv dei og kor lang tid etter vedtaket er innlegget publisert. Vidare på innhaldsanalyse vil fokuset ligge på innleggets saklegheit og ordbruk. Til sist i analysen ligg fokuset på politiske aktørar. Her vil aktørane i avisinnlegga bli knytt opp til parti for å få eit breiare overblikk over spalteplass fordelinga blant partia i avisinnlegget.

### **2.5.1 Struktur**

Morgenbladet ser ut til å være raskast ute med kommentar om målsaka. Ein drøy dag etter at saka var på agendaen i Stortinget kjem den på trykk i Morgenbladet. Innlegget går over seks kolonnar, som i den utgåva av Morgenbladet tilsvara nesten ei heil avisside. Det fylgjer ein struktur som kan minne om referat, med direkte dialog og sitering i innlegget. Innlegget byrjar og avsluttar med ei saksopplysning, spesielt i avslutninga får ein merke at det kan være referat då siste linje er info om kven som var fråverande på stortingsmøtet.

Verdens Gang publiserer innlegget «Folkesprog og Skriftsprog, Stortinget møder 11.-18.mai» den 19.mai 1885, 7 dagar etter stortingsmøtet. Det kan verke som at Verdens Gang i større grad samlar opp vedtak frå Stortinget og publiserer ei gong i veka enn å publisere dei fortløpande som Morgenbladet gjer. Verdens Gang blir på denne tida publisert tre gongar i veka; tysdag, torsdag og laurdag. Innlegget er eit større innlegg med fleire sakar frå den siste veka, men sjølve den om målsaka er i underkant av 2 kolonnar langt. Innlegget begynner med ei saksopplysning, der ein som lesar får det siste som har skjedd samt påminning om kva innstillinga gjekk ut på. Innlegget elles ser ut til å være skrevet med eit overblikk, ikkje berre som direkte referat slik som Morgenbladet, men det er og somme stader det siterast direkte til talaren. Innlegget avsluttast med ein kort konklusjon på tal stemmer på kvar side og kven desse var.

Stavanger Amtstidende og Adresseavis publiserer to innlegg om saka, ein 15.mai og ein 16.mai. Innlegget den 15.mai er strengt tatt meir av ein kommentar, som ikkje er lenger enn 3 linjer, og er ein kort oppsummeringskommentar frå det som har skjedd den 12.mai i Stortinget. Innlegget 16.mai derimot er betydeleg lengre, men samtidig kort, og har ei lengde på kring ¼ kolonne. Innlegget har verken referatstruktur eller fortel i tredje person, men har meir av ein oppsummeringsstruktur.

Vossebladet publisera eit innlegg om målsaka den 16.mai 1885, det er truleg ikkje direkte om likestillinga, men om ei hending like før. Innlegget byrjar med ei oppsummering etter førre gong målsaka var nemnd i Stortinget, og avsluttast med eit dikt. Innlegget er

omtrent ei kolonne langt og fokusera på eit gitt foredrag frå stortingsmøtet 12.mai, dette årsak at dei ikkje blir tillat å gjenge «den betydningsfulde som interessante Debat». Om det er redaktøren som ikkje tillate det eller om det er nokon høgare oppe nemnas ikkje. Bladet publisera også eit innlegg den 23.mai, dette innlegget handlar om stortingsvedtaket 12.mai, og publiserast altså 11 dagar etter vedtaket. Innlegget er omtrent ei kolonne langt og kommentera kort handlingsforløpet i debatten.

Hedemarkens Amtstidende publiserte i Kongsvinger den 15.mai eit innlegg som kommenterte likestillinga av dei to språka. I likskap med Vossebladet byrjar innlegget med ei saksopplysning og overblikk før den går direkte til referat av eit foredrag. Resten av innlegget er dette foredraget, og innlegget avsluttast med tankar frå talaren. Innlegget er omkring ei kolonne langt.

### **2.5.2 Innhald**

I denne delen av analysen skal me sjå nærmare på innhaldet i avisene. Under struktur såg me på lengde, publiseringstid og strukturen i sjølve innlegget, no skal me sjå nærmare på innhaldet i dei ulike innlegga.

Morgenbladet ser ikkje ut til å komme med personlege meiningar i avis innlegget sitt. Det er ganske sakleg , og sidan det i stor grad er direkte sitering og referert etter stortingsmøtet så finn ein ikkje spor etter eigne haldningar og vinklar i språkbruken eller bruken av verkemiddel. I slutten av referatet kjem ein kort oppsummering av stemmeresultatet og kort om kven som ikkje var tilstades under møtet. Morgenbladet gir inntrykket av at det er ei veldig sakleg og påliteleg avis. Verdens Gang kan sjåast på same måte som Morgenbladet. Avisa og redaksjonen kjem ikkje med noko berekningar sjølv, men held det sakleg. Slik som Morgenbladet avsluttar også Verdens Gang med å oppsummere kort og presentere tal stemmer på begge sider, samt si kven som stemte kva.

Stavanger Amtstidende og Adresseavis sitt innlegg 15.mai er kort og sakleg. Innlegget frå den 16.mai derimot er ikkje like sakleg. Den ser ut til å være rein kommentar og/eller personleg meining frå avisa eller redaktøren. Det blir berre referert til ein politikar i heile innlegget. Stavanger Amtstidende og Adresseavis ser ikkje ut til å være einig i innstillinga om likestillinga av skriftspråka. Avisa skriver blant annet ”[...]Man faar dog haabe, at Folkets sunde Sands vil afholde det fra saadanne Misgreb, der let kunde blive skjæbnsvangre for den



*enkelte.*” Avisas egne mening kjem tydeleg fram til innlegget og saklegheita so me såg i kommentaren frå 15.mai er ikkje å sjå i det lengre innlegget frå 16.mai.

Vossebladets innlegg verkar begge ved første augekast saklege. Avisa kastar ikkje ut nokon personleg mening kring verken saka eller politikarar direkte, men det er likevel hint av mening i korleis avisa har valt å legge fokus i innhaldet, og kven avisa har valt å legge fokus på. Meir om dette under «aktørar og politisk vinkling». Sett bort frå dette viser ikkje avisa til egne haldningar eller seier noko direkte om saka frå deira eget standpunkt.

Hedemarkens Amtstidende begynner innlegget med ein kort oppsummering og vel deretter å fokusere på komiteens minoritet, vidare går innlegget inn i referat med lite dialog og kommentarar frå sjølve avisa. Dei held seg i likskap med Vossebladet sakleg og viser ikkje direkte kva dei meiner gjennom ytring, men viser det kanskje heller indirekte gjennom kva dei vel å vise og ikkje vise i avisa. Meir om dette under «aktørar og politisk vinkling».

### **2.5.3 Aktørar og politisk vinkling**

Dette er den delen av analysen som kanskje er mest sentral for problemstillinga. Den er likevel avhengig av de to andre kategoriane for å verkeleg få med alle faktorar inn i drøftinga. Her ser me nærmare på den politiske budskapet som avisene sender, både direkte og indirekte. Fleire aviser vel seg ut nokon politikare å fokusere på, og vel vekk politiske representantar frå det partiet som avisa ikkje støttar.

Morgenbladet har ein jamt over lik fordeling på kva politisk syn som er med i innlegget. Sentrale politiske røyster som Ketil Johnsen Melsted Motzfeldt (Høgre), Johannes Wilhelm Christian Steen (Venstre), Statsråd Elias Blix (Venstre), Livius Smitt (Høgre), Emil Stang (Høgre) er alle med i innlegget. Debatten i Morgenbladet blir i store deler styrd av politiske røstar frå Høgre, men det kan likegjærne være slik debatten har utfolda seg. Spesielt Motzfeldt er i sentrum i avisinnlegget, og alle hans argument er med. Argumenta hans er til tider dramatiske og usaklege, men igjen så var det eit kjenneteikn på seint 1800-talets presse også. Likevel kan ein analysere det som at avisa Morgenbladet held seg nøytral og sakleg. Avisa får fram poenga frå debatten og ser ikkje ut til å vektlegge den eine stort meir enn den andre, kanskje fordi den er ei hovudstadsavis?

Verdens Gang presentera i likskap med Morgenbladet fleire politiske syn, og ein politisk debatt i sitt innlegg. Aktørar som er sentrale i dette avisinnlegget er Jakob Aall Bonnevie

(Høgre), Steen (Venstre), Smitt (Høgre), Daniel Knudsen Sæter (Venstre), Motzfeldt (Høgre) og Statsråd Blix (Venstre). Det er med andre ord veldig jamn fordeling av politisk input og meiningar i dette avisinnlegget. Både i Morgenbaldet og i Verdens Gang får vi ein smakebit av Motzfeldt foredrag om kjærleik til språket, han spelar mykje på etos/logos/pathos, men får lite tilbake. Da innlegget avsluttast med Statsråd Blix korte og konsise argument tilbake. Verken Verdens Gang eller Morgenbladet ser ut til å være spesielt partiske ut ifrå vinklinga av likestillinga på målsaka.

Stavanger Amtstidende og Adresseavis kan seiast å være motsetninga til hovudstad-avisene på dette punktet. Ikkje berre er innlegget svært munnleg skrivet med mykje personlege meiningar frå redaksjonen, det er og fullt klart at denne avisa har valt eit politisk standpunkt og har ikkje planar om å halde seg nøytral. De kommenterer at debatten var matt, og at det einaste gode foredraget kom frå Livius Smitt (Høgre). Det nemnast ikkje noko om resultatet frå debatten eller om andre politikarar/politiske syn. Innlegget er lite informativt og liknar meir på ein personleg kommentar på saka, kanskje då frå redaksjonen sjølv. Det er då truleg at redaksjonen har eit høgre-peikande synspunkt.

I Vossebladet møter ein i 16.mai innlegget eit foredrag av Stasminister Johan Sverdrup (Venstre). Der ein merkbar del innleiinga til foredraget er denne delen: *«Vi skal kun hidsætte et kort Uddrag af Statsminister Sverdrups Foredrag, der saavel paa Grund af Talerens Stilling som paa Grund af Foredragets Innhold maa ansees som et af de betydningfuldeste Indlæg i Sagen»*. Foredraget handlar om kjærleiken for landsmålet, og dens store betydning. Sverdrup gjer som Motzfeldt og spelar på tradisjonar, kjenslar og nettverk, han nyttar i stor grad etos/logos og pathos. Vossebladet frontar med den innleiinga til foredraget over ein politisk profil, og gir kjensla av at det er politisk partitilknytning innblanda. Innlegget 16.mai er ikkje innlegget som omtaler stortingsdebatten 12.mai, men heller ein indikator på avisas tilknytning og syn når det gjelder målsaka. Saka de har kommentert har band med målsaka men er frå ein tidlegare debatt. I avisa som er utgitt 23.mai finn me innlegget som omtaler stortingsdebatten. Her er det fleire politikarar som er nemnd, deriblant; Niels Juel (Venstre), Lars Knutson Liestøl (Venstre), Bonnevie, Steen (Venstre), Smitt, Sæter, Frederik Wilhelm Bugge, Motzfeldt og Blix. Likevel er det berre Juel og Steen som får større merksemd. Vossebladet nemner at høgrepolitikarar har hatt argument, men dei får ikkje stort meir spalteplass enn akkurat det; *«Efter nogle kortere Bemærkninger af Bonnevie og Steen holdt Smitt et langt Foredrag om Landsmaalet, hvilket endte med, at ”ernoget Bagstræv[...]”*». Av heile debatten så har Vossebladet valt å minimere spalteplass til høgre politikarar som

Motzfeldt og Smitt, og heller gitt plass til ein lokalpolitikar som gardbrukar Nils Juel frå Søndre Bergenhus Amt. Til sist avsluttast innlegget med ein kort oppsummering av hendelsesforløp og votering.

Hedemarkens Amtstidende har i likskap med Vosseavisa hovudsakeleg fokusert på ein politikars meining. I innlegget får ein lese byfogd Livius Smitt (Høgre) sitt foredrag om at det ville vært tullete å endre på skriftspråket, da vi har hatt dette skriftspråket i århundre på århundre, og at det kunne bli vanskeleg for ungdommen å lære seg landsmål. Videre i foredraget kommer det mykje bruk av dømer, samt litt kritikk av Sverdrup (Venstre). Vidare i innlegget er dette det som Hedemarkens Amtstidende har tatt med frå debatten i Stortinget 12.mai. Det er berre Smitt og Sverdrup som er nemnt, og avis innlegget i seg sjølv ser ut til å berre være ei avskrivning av Smitts foredrag. Dette kan jo når ein analysera avisa gi ein indikasjon på politisk ståstad til avisa og om dette er ei parti-avis eller ei. Innhaldet i artikkelen, samt val av foredrag og val av å ikkje ta med andre synspunkt er med på å danne eit bilete av kva denne avisa ynskjer at folk skal lese og forstå. Om avisa berre postar ei side av ei sak så er det den sida hen får med seg.

## **2.6 Drøfting**

Dei ulike avisene ser ut til å vinkle målsaka litt ulikt, i tillegg til at dei vel ut kva informasjon dei ynskjer å publisere i deira eiga avis. Det gjer at når ein les alle avisene så former det seg eit godt felles inntrykk av hendelsesforløpet i debatten og synspunkta som blir presenterte. Ved å lese alle avisene og å få dette overblikket så legg ein også automatisk merke til kva kvar enkelt avis har utelat å ta med. Her ser ein blant anna at Morgonbladet og Verdens Gang har haldt seg nøytrale og fokusert på overblikket av saka, medan Hedemarkens Amtstidende og Vossebladet har valt ut kvar si politisk side og kvart sitt stykke av debatten å presentere i avisa. Eit døme på det er at i Vossebladet så blir Smitt sitt foredrag så vidt nemnt, det same skjer hos Hedemarkens Amtstidende berre motsatt, der får Smitt sitt foredrag heile spalteplassen, medan politikarar frå andre partiet ikkje blir nemnd. Her snakkar me om at avisene avgrensar informasjonsdelinga til publikum. Dei vel sjølv kva deira lesarar skal få av informasjon, og former derfor på ein måte kva syn lesaren skal få på saka. Avisene som berre sender ut venstre-politisk budskap, og aviser som berre sender ut høgre-politisk budskap, mister overblikket i saka. Lesarane kan på den måten fort bli feilinformert, og ikkje være klar over alle argumenter og synspunkt i debatten fordi avisa har tilbakeholdt informasjon. Denne

tilbakeholdinga av informasjon kan i denne tidsperioda være for å halde på lesaren og å få tilhengarar politisk. Ein styrkar jo argumentet dersom det ikkje er motargument eller nokon som er ueinig? På den andre sida så treng det ikkje være av politiske årsakar at avisene vel ut eit stykke av debatten og presenterer berre den. Her kan til dømes økonomi og spalteplass spele ei stor rolle, i tillegg til interesse for saka blant lesarane. I og med at det var mange aviser i omløp på denne tida så kan det være at de andre avisene presenterte meir politisk innhald enn de gitte avisene i dette utvalet, og at det kan være ein årsak til den avgrensa informasjonen om saka som er å finne i desse avisene. Ein anna faktor som er viktig å omtale er om det er ein skilnad i avisene ut ifrå om dei er frå hovudstaden eller distrikta.

Hovudstad og distrikt, finn ein nokon større skilnader blant avisene? Er det noko skilnad mellom avisene som er frå mindre byar/tettsted og dei som er frå hovudstaden? I denne samanhengen så vil eg rekne Vossebladet, Hedemarkens Amtstidende og Stavanger Amtstidende og Adresseavis som distriktaviser, og Verdens Gang, Morgenbladet og som hovudstadsaviser. Eit klart og tydeleg skilje me finn mellom dei to kategoriane er grad av nøytralitet og profesjonalitet i artiklane som er med i denne oppgåva. Stavanger Amtstidende og Adresseavis har eit avisinnlegg med ein klar muntleg personleg tone som bærer sterkt preg av politisk budskap og vinkling. Vossebladet verkar ved fyrste augekast som at dei er saklege men gjer som Hedemarkens Amtstidende og tviheld på informasjon frå andre politikarar enn dei som dei sjølv støtter. Dei viser ikkje direkte kva dei meiner, men gjer det i form av å velje ut kva informasjon dei ynskjer at lesaren deira skal lese, og gir dermed lesaren eit ufullstendig bilde på debatten. Stavanger Amtstidende og Adresseavis er hakket verre på dette punktet og skriver direkte kva redaksjonen meiner om saka. Felles for alle tre er at dei ikkje held seg nøytrale i vidareformidlinga av saka i motsetning til hovudstadsavisene Verdens Gang og Morgenbladet. De sistnemnte held seg i mykje større grad nøytrale, men det kan jo og komme av at sidan det er så mange fleire aviser i omløp i hovudstaden så merkar kanskje folk i større grad dersom dei vel vekk informasjon enn ein merkar i distrikta?

Her kan ein og lure på om dette med geografisk plassering har noko å seie for meininga avisa har eller ikkje har om målsaka. Er det ein samheng mellom geografisk plassering på avisene og korleis dei har vinkla målsaka? Eg tenker spesielt på dette punktet grunna at målsaka i seg sjølv opprinneleg var ei distrikt-sak. Er det slik at alle aviser som var lokalisert på vestlandet støtta saka? Og er det slik at alle avisene på austlandet ikkje støtta saka? Nei. Ein vil ved fyrste tanke kanskje tru at sidan Aasen har basert landsmålet på vestlandske dialekter, og dialekter frå distrikta andre plassar i Noreg, så ville alle på

vestlandet være støttande for opprettinga av det, men slik verkar det ikkje til å være. Vossebladet kjem tydeleg fram at er positive til saka, medan Stavanger Amtstidende og Adresseavis, som var lokalisert på vestlandet, var negative til innføringa av det nye skriftspråket. Kvifor? Dei var jo begge på vestlandet? Kva er skilnaden? Vossebladets publikum var kanskje i større grad arbeidsfolk, bønder, husmenn og vanlege borgarar. Stavanger Amtstidende og Adresseavis derimot hadde kanskje ei anna målgruppe, ei som i større grad var retta mot eliten og embetsfolket. Hedemarkens Amtstidende var i likskap til Stavanger Amtstidende og Adresseavis ei avis med eliten som publikum og målgruppe. Dei har også gitt uttrykk for at dei ikkje støttar målsaka, i likskap med avisa frå Stavanger. Men denne avisa var på austlandet, rettare sagt distriktet, men med eliten og embettsmenn som sine lesarar. Kongsvinger var som nevnt i utvalet av avisene ein mindre by omringa av bygder. Samanlikninga mellom Vossebladet og Stavanger Amtstidende og Adresseavis viser at geografisk plassering ikkje var ein klar faktor i spørsmålet om kva variabel meiningsforholdet er basert på. Det er kanskje heller snakk om sosial status og politisk syn? Ein gjennomgåande tanke under analysen er at ein finn tydelege skilje mellom kva avisa har valt å fremje av innhald og kva for nokon politikarar dei omtaler. Somme aviser omtaler berre politikarar frå høgre eller venstre og viser berre til innhald som støtter opp om dei gitte politikarane sitt politiske syn. Dette lyser gjennom spesielt i avisene utanfor hovudstaden; Stavanger, Voss og Kongsvinger i dette tilfellet. Medan hovudstadsavisene held seg meir saklege, meir nøytrale og meir profesjonelle i vidareformidlinga av sakar, så blir innlegga tydeleg tilpassa og mindre nøytralt hjå de tre avisene utanfor hovudstaden.

I spørsmålet om korleis avisene dekkja språkdebatten i 1885, så er det ulike måtar å sjå på «dekninga» på. Me kan tenke korleis avisene dekker innhaldet; inkluderer avisene fleire synspunkt og overblikk over gangen i saka, eller er det avgrensa med informasjon som blir presentert? Altså at berre ein brøkdel av språkdebatten blir dekkja av de gitte avisene? Ein anna måte å sjå på «dekning» er kor lang tid har avisene brukt på å formidle saka vidare til publikummet sitt? Her er det truleg at hovudstadsavisene får informasjonen først grunna at det er så kort avstand til Stortinget og at de fleste største avisene har ein representant i stortingsmøta som tar notat, her kan ofte distriktavisene få infoen sin frå de større avisene, og det kan på den måten ta mykje lenger tid. Det og det er større avstander ut til distriktene til tross for at samferdselen i slutten av 1800-talet var blitt ganske utviklet. I tillegg må ein ta fram ein faktor om at somme aviser er meir politisk retta enn andre, t.d. Morgenbladet og Verdens Gang, der Morgenbladet dekte heile debatten og publiserte dagen etter den tok sted,

medan Verdens Gang publiserte ei veke etter, og då berre ei kort oppsummering årsak at dei har ei spalte som omtalar alt som har skjedd på stortinget den veka. Når vi då skal sjå på korleis dekning avisa har så er det viktig å ha denne informasjonen i bakhand. For kor stor del av denne dekninga er påverka av partistandpunkt? I alle distriktsavisene (Kongsvinger, Voss, Stavanger) er det tydeleg preg av parti-standpunkt, i motsetning til avisene i Christiania (Morgenbladet og Verdens Gang). Her er det relevant å trekke fram Svennik og det han skriv om dei større avisene og forhandlingsmakt. Det at dei største avisene hadde størst forhandlingsmakt i forhold til politiske syn, og ikkje blei like påverka som dei mindre avisene blei av partia. Dei mindre avisene var igjen avhengig av å blidgjere kjeldene sine for å behalde dei, og desse kjeldene var ofte i slike nasjonale sakar politiske parti. Så kanskje Verdens Gang og Morgenbladet hadde større politisk tilknytning enn dei ga uttrykk for i dei innlegga som er tatt med i utvalet, og at det handlar om at dei har større handlingsrom enn dei mindre avisene når det kjem til kor mykje som må være partipolitisk retta og i kor stor grad det skal være parti politisk retta.

Gjennom analysen av avisene og litteraturen, deriblant Haugland, kan det sjå ut til at venstre politikken jamt over støttar målsaka i større grad enn høgre sida av politikken gjer. Gjennom Haugland får ein eit meir politisk syn og vinkling på målsaka, og ein får større politisk forståing for korleis den har utvikla seg. Ein får større forståing for dei raude trådane mellom politiske rørsler i Europa, som nasjonalisme, og kulturelle og politiske utviklingar i Noreg på same tid. Ein får inntrykk av at verda blir meir liberal og meir demokratisk, noko ein også opplever gjennom Hauglands vinkling av målsaka. I tillegg så er det verdt å nemne at det er ein gjengangar i analysen av avisene at embetsmenn og eliten ikkje var nøgd med landsmålet som skriftspråk, men at dette i større grad var ein kampsak for bøndene. Dette med sosial status er noko som gjeng att i kva parti folk stemte på, der eliten og embetsmenn i større grad stemte på Høgre, medan bønder og arbeidsfolk i større grad stemte på Venstre. Det er derfor truleg at avisene som støtta henholdsvis Venstre eller Høgre, støttar deira syn og vinkling på målsaka. Eit overraskande funn i analysen var at Stavanger Amtstidende og Adresseavis var negative til målsaka og jamstillingsvedtaket, til tross for geografisk plassering og at landsmålet er basert på dialekter i nærområdet deira. Men dersom ein ser på det på gjennom sosial status og politisk syn så gir det større meining. I likskap til tidlegare studiar frå Fenstad og Berghei, finn ein ein positiv korrelasjon mellom vinkling av saka og parti politisk tilknytning. I likskap med Fenstad ser ein at avisene ikkje var nøytrale på 1880-talet, ein finn eit klart spor av partipolitisk syn og innblanding. Berghei på si side såg på eit

meir utanrikstema enn me gjer i denne oppgåva, men likevel kan ein trekke fleire raude trådar. Berghei fann i sine undersøkingar at avisene kunne overdrive i argument for å få politisk støtte og støtte frå lesarane i sakar som var omstridde og mykje omtalt, i hans tilfelle så gjaldt dette Russland. Denne «overdrivinga» er noko som ein ser att i argumenta til somme aviser og politikarar i denne undersøkinga også. Til dømes sitatet i byrjinga av oppgåva:

”[...] ja hvis vore Digtere, som Ibsen og Bjørnson, havde skrevet fine Verker i et Sprog, som ikke levede paa Folkets Tunge, da kunde de Digtere ligesaagodt have lagt sig til at dø Dagen[...]” (Motzfeldt, Morgenbladet, 1885<sup>46</sup>).

### 3 Avslutning

I denne fordjupningsoppgåva har eg analysert fem aviser i lys av korleis dei har vinkla og kommentert jamstillingsvedtaket i perioda 12.mai til 23.mai 1885. Utvalet av aviser har bestått av; Morgenbladet, Verdens Gang, Vossebladet, Stavanger Amtstidende og Adresseavis, og Hedemarkens Amtstidende. Avisene representerer to tilsynelatande nøytrale aviser frå Christiania, to aviser frå vestlandet (Voss & Stavanger) og ei avis frå utkanten av Christiania (Kongsvinger). Problemstillinga eg har tatt for meg er; *Korleis dekka avisene språkdebatten i 1885? I kor stor grad er denne dekninga påverka av partistandpunkt.* 1880-talet var ei tid der samferdselen i Noreg var blitt betydeleg utbetra, og den politiske situasjonen i Noreg var parlamentarisk. Partia Høgre og Venstre hadde blitt oppretta og kjenneteiknet for pressa på denne tida var at den bærte eit politisk preg. Samstundes med den politiske og teknologiske utviklinga i Noreg så var det og ei språkkulturell rørsle på gong. Aasen hadde utvikla landsmål og den 12.mai 1885 blei det likestilt med riksmål i Stortinget.

I drøftinga av analysen i denne oppgåva er det eit par hovudpunkt som visar seg. For korleis dekka avisene språkdebatten? Her fann eg eit skilje mellom hovudstadsavisene og avisene utanfor Christiania. Medan Morgenbladet og Verdus Gang var relativt raske på å publisere kommentarar på saka, og held seg nøytrale i vinklinga, så var avisene utanfor Christiania meir personlege og meir avgrensa i ainformasjonsdelinga si. Vossebladet og Hedemarkens Amtstidende dekka ein brøkdell av saka, og då kvar sin brøkdell som passa avisa sitt politiske standpunkt. De større avisene på 1800-talet hadde større forhandlingsrom og kunne i større grad regulere grad av politisk vinkling. De mindre avisene kunne derimot være

---

<sup>46</sup> Morgenbladet, 1885

meir avhengig av å ha ein større og tydelegare politisk vinkling i sakene for å sikre lojalitet og økonomisk fordel frå kjeldene sine og/eller partia som støtta dei. Gjennom analysen kom det også tydelegare fram at haldningane til målsaka ikkje nødvendigvis var basert på geografisk plassering, som ein kanskje ville trudd sidan landsmål var basert på bestemte geografiske dialekter, men heller på sosial status. Det var ein tydeleg korrelasjon mellom avisas publikum og korleis dei vinkla målsaka. Til dømes hadde avisene som har embetsmenn og elite til publikum innlegg som var vinkla mot målsaka, medan avisene med bønder, arbeidarar etc som publikum var meir støttande for målsaka. Hovudstadsavisene hadde eit såpass nøytralt tak på korleis dei omtalte saka at det ikkje kom tydeleg fram kva dei meinte om målsaka. Analysen av avisene fekk og fram kor politisk målsaka er, at den ikkje berre er ei språkkulturell rørsle, men og har vært ein politisk kampsak. Gjennom Fenstad og Berghei var det også lettare å knytte undersøkinga av utvalet saman med liknande undersøkingar. Her var det fleire positive korrelasjonar, gjennom grad av nøytralitet blant avisene og at politisk syn gjerne også kom gjennom overdriving i argument og kommentarar frå politikarar og aviser.

Så korleis dekkja avisene språkdebatten i 1885? Avisene dekkja språkdebatten ulikt basert på geografisk plassering i landet. Hovudstadsavisene hadde større dekning, medan avisene utanfor Christiania hadde ein meir avgrensa og ufullstendig dekning av saka. Dette kan komme av at hovudstadsavisene er tettare på saka fordi det er i same by, det kan og komme av at hovudstadsavisene er såpass etablerte aviser at det ikkje er behov for å gi ein partipolitisk vinkling, kanskje dei til og med ville tapt på å dekke saka med bestemte politiske haldningar. På Voss, i Stavanger og i Kongsvinger derimot dekker avisene betydelig mindre av saka enn Morgenbladet og Verdens Gang. Her blir dekninga av saka avgrensa, og avisene vel sjølv kva informasjon og kva for nokon argument som skal nå ut til lesarane. Her kan økonomiske årsaker ligge til grunn, og om avisa hadde lite med spalteplass kan og være ein årsak. I kor stor grad er denne dekninga påverka av partistandpunkt? I avisene utanfor Christiania finn ein stor grad av partipåverknad i avisinnlegga. Somme innlegg er direkte kommentering på saka av avisa, medan andre vinklar politisk syn gjennom avgrensing av informasjonsdeling. Til dømes Vossebladet som i sitt innlegg om saka vel å berre ta med foredraget til venstrepolitikaren Smitt, eller Hedemarkens Amtstidende som gjer det motsette og berre tar med foredraget til ein høgrepolitkar i staden. Her skin det gjennom at sosial status er ein positiv faktor for korleis avisene vinklar saka, i tillegg til at generelt sett ser ut til å være tydelegare påverknad av politisk parti i avisene utanfor Christiania. Undersøkinga i



denne oppgåva viste at avisene hadde variert grad av dekninga av jamstillingsvedtaket og at politisk påverknad var til stades men tydelegast hos avisene utanfor Christiania.

For vidare undersøking på emnet ville det ha vært interessant å utvide utvalet mitt slik at undersøkingane kunne blitt sikrare og meir representative for verkelegheita. I denne undersøkinga så blei utvalet avgrensa til fem aviser. Det hadde vært interessant å utvide det til at det er to aviser frå kvart «område» som er tatt med i denne undersøkinga for å få litt fleire vinklingar på det. Eg ville eventuelt ha valt eit anna område for å sjå om det er same utviklinga mellom presse og parti der også, som til dømes i Trøndelag og Nordland.

## 4 Litteratur

Berghei, J.-T. (2010) *Russland i norsk presse: en undersøkelse av hovedstadsavisene i perioden 1880 – 1905* [Masteroppgåve, Universitetet i Tromsø]. Munin UIT.  
<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/2977/thesis.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Dahl, H. F. (2014) Partipressen i Norge: fra utvikling til avvikling. Jahr, E. (red.), *Pressehistorisk tidsskrift* (Nr.21 2014).  
[http://www.pressetidsskrift.no/content/uploads/pub/2014/08/NPF\\_Tidsskrift\\_21\\_2014.pdf](http://www.pressetidsskrift.no/content/uploads/pub/2014/08/NPF_Tidsskrift_21_2014.pdf)

Eggum, T. (2021, 6.juli). Hordaland. I *Store norske leksikon*. <https://snl.no/Hordaland> - avis

Eide, M. (2002. 21.mars). *Den redigerende makt: Redaktørrollen i historisk perspektiv*.  
[https://www.nordicom.gu.se/sites/default/files/kapitel-pdf/19\\_015-024.pdf](https://www.nordicom.gu.se/sites/default/files/kapitel-pdf/19_015-024.pdf)

Eide, M. (2021, 17.august). Verdens Gang. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/Verdens\\_Gang](https://snl.no/Verdens_Gang) - 1868-1923

Fenstad, H. (1998). *Partipressen og trontalen: en historisk, komparativ innholdsanalyse av pressens dekning av trontalen* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO UIO.  
<https://www.duo.uio.no/handle/10852/27313>

Fuglum, P. (2009, 13.februar). Johan Sverdrup. I *Store norske leksikon*.  
[https://nbl.snl.no/Johan\\_Sverdrup](https://nbl.snl.no/Johan_Sverdrup)

Haugland, K. (1985). *Striden om skulespråket*. Oslo: Samlaget.  
[https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2008060204054](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008060204054)

Hetland, T. (2017, 11.desember). Hordaland. I *Allkunne*.  
<https://www.allkunne.no/framside/tema-nynorsk/nynorske-aviser-blad-og-tidsskrift/hordaland/30/86411/>

Høyer, S. (1977). *Norsk presse mellom 1865 og 1965: strukturutvikling og politiske mønstre: del A og B*. Universitetet i Oslo.

Jahr, E. H. (2015). *Språkplanlegging og språkstrid*. Oslo: Novus Forlag.

Kaartvedt, A. (1984). *Drømmen om borgerlig samling: 1884-1918*. Oslo: Cappelen.  
<https://www.nb.no/items/f39487a6edb8617f6bf97d4da6bdd4ce?page=15&searchText=h%C3%B8yres%20historie%20kaartvedt>

Kortner, O. (1951). *Venstre: ide og gjerning*. Oslo: Norges Venstrelag.  
<https://www.nb.no/items/b71bb0ebcffbc468e1071a6475f132b4?page=0&searchText=venstre%20historie>

Mjeldheim, L. J. (1984). *Folerørsla som vart parti: Venstre frå 1880 åra til 1905*. Bergen: Universitetsforlaget. [https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2015102308112?page=130](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2015102308112?page=130)

Norland, A. (2020, 11.august). *Morgenbladet*. I *Store norske leksikon*.  
<https://snl.no/Morgenbladet>

«Ola Thommessen». (2020, 2.mars). I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/Ola\\_Thommessen](https://snl.no/Ola_Thommessen)

Omdal, S. E. (2020, 21.oktober). *Stavanger Adresseavis*. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/Stavanger\\_Adresseavis](https://snl.no/Stavanger_Adresseavis)

Ottesen, R. (2010). *Norsk presses historie: 1-4 (1660-2010: B. 2 Parti, presse og publikum: 1880-1945)*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ovlien, L. (2020, 13.august). *Hedemarkens Amtstidende*. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/Hedemarkens\\_Amtstidende](https://snl.no/Hedemarkens_Amtstidende)

Rannem, Ø. (2021, 11.mars). *Fraktur*. I *Store norske leksikon*. [https://snl.no/fraktur\\_-\\_skrift](https://snl.no/fraktur_-_skrift)

Seip, J. A. (1987). *To linjer i norsk historie : fra embetsmannsstat til ettpartistat : Høyre gjennom hundre år 1880-1980*. Oslo: Universitetsforlaget. [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2013082605155](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2013082605155)

Thorsen, D. E. (2020, 4.november). Polarisering. I Store norske leksikon.  
<https://snl.no/polarisering>

Try, H. (1995). *To kulturer, en stat: 1851-1884*. Cappelen.  
<https://www.nb.no/items/68c3b9c6947f992e4b0a7a730896b90e?page=23&searchText=to%20kulturer>

## 5 Aviser

Hedemarkens Amtstidende 1885.05.15. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_hedemarkensamtstidende\\_null\\_null\\_18850515\\_39\\_39\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_hedemarkensamtstidende_null_null_18850515_39_39_1)

Morgenbladet 1885.05.13. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_morgenbladet\\_null\\_null\\_18850513\\_67\\_240\\_2](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_morgenbladet_null_null_18850513_67_240_2)

Stavanger Amtstidende og Adresseavis 1885.05.15. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_stavangeramtogadress\\_null\\_null\\_18850515\\_45\\_110\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_stavangeramtogadress_null_null_18850515_45_110_1)

Stavanger Amtstidende og Adresseavis 1885.05.16. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_stavangeramtogadress\\_null\\_null\\_18850516\\_45\\_111\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_stavangeramtogadress_null_null_18850516_45_111_1)

Verdens Gang 1885.05.19. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_verdensgang\\_null\\_null\\_18850519\\_18\\_57\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_verdensgang_null_null_18850519_18_57_1)

Vossebladet 1885.05.16. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_vossebladet\\_null\\_null\\_18850516\\_2\\_20\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_vossebladet_null_null_18850516_2_20_1)

Vossebladet 1885.05.23. (1885). [https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digavis\\_vossebladet\\_null\\_null\\_18850523\\_2\\_21\\_1](https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digavis_vossebladet_null_null_18850523_2_21_1)

---

<sup>i</sup> Denne masteroppgåva var ikkje tilgjengeleg for gjennomlesing ved funn, og det var ikkje tilstrekkeleg med tid til å få tak i dokumentet. Dette er derfor basert på eit samandrag skrevet av Universitetet i Oslo.

